



VOLDA KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 12.12.2017
Tid: 12:00

Faste medlemer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP

Faste medlemer som ikke møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Per Svein Krøvel	Dan Helge Bjørneset	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Heidi Istad	Planleggar PS 219/17
Jørgen Vestgarden	Utviklingssjef PS 219/17 og PS 220/17
Nina Kvalen	Spesialrådgjevar innvandring og integrering PS 221/17
Siri Birkeland Solheim	Ingeniør/prosjeakteiar PS 222/17



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 217/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 218/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
OS 180/17	Orientering Volda skisenter - søknad om kommunal bankgaranti
PS 219/17	Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling i Volda - grunnlagsdokument til Arealdelen - Planid 2016005
PS 220/17	Bygningsmiljø og estetisk rettleiar - dokument til høyring
OS 181/17	Barnetrakk med skuleelevar i Volda
PS 221/17	Busetjing av flyktningar og einslege mindreårige i 2018
PS 222/17	Volda ungdomsskule - Moglegheitsstudie og grunnleggande føringar for renovering/ombygging
PS 223/17	Månadsrapport oktober 2017
PS 224/17	Fastsetting av revidert forskrift om renovasjon og slam for Volda og Ørsta kommunar
PS 225/17	Orienteringssaker
OS 182/17	NAV - Pressemelding arbeidsmarknaden november 2017
OS 183/17	Taklekkasje på Mork skule
OS 184/17	Samferdselspakke – Voldatunnel
OS 185/17	Status for EPC-prosjektet
OS 186/17	Klimaskjerm Ivar Aasenbygget - rettsak
OS 187/17	Skifte av gjelsforvaltar



VOLDA KOMMUNE

PS 217/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Det var åtte møtande ved møtestart.

Innkalling:

Ettersende dokument på møtedagen:

Vikebygda grendautval: *Innspel til formannskapet, orienteringssak Bornetrakk 2017*, datert 11.12.17.

Gunnar Strøm kommenterte at formannskapet ikkje har fått frukt til møtet.

Sakliste:

Margrete Bjerkvik reiste spørsmål om taklekkasje på Mork skule.

Røysting:

Innkalling og sakliste, med tillegg frå Margrete Bjerkvik, vart samrøystes godkjent.

PS 218/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Røysting:

Møteprotokollen frå siste møte den 28.11.2017 vart samrøystes godkjent.

OS 180/17 Orientering Volda skisenter - søknad om kommunal bankgaranti

Styreleiar ved Volda Skisenter AS, Ivar Otto Kristiansen, orienterte om søknad om kommunal lånegaranti for bygging av nytt idrettsbygg på Reset.

Sølvi Dimmen møtte kl. 12.20.



VOLDA KOMMUNE

PS 219/17 Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling i Volda - grunnlagsdokument til Arealdelen - Planid 2016005

Administrasjonen si tilråding:

Formannskapet tek grunnlagsdokument «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling i Volda», datert 01.12.2017 til vitande, og ber om at dokumentet vert lagt til grunn for arbeidet med Kommuneplanen sin arealdel 2018 – 2030.

Handsaming:

Heidi Istad og Jørgen Vestgarden frå utviklingssektoren møtte.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 12.12.2017

Formannskapet tek grunnlagsdokument «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling i Volda», datert 01.12.2017 til vitande, og ber om at dokumentet vert lagt til grunn for arbeidet med Kommuneplanen sin arealdel 2018 – 2030.

PS 220/17 Bygningsmiljø og estetisk rettleiar - dokument til høyring

Tilråding i Forvaltningsutvalet - 05.12.2017 til formannskapet

Forvaltningsutvalet vedtek å sende dokumentet «Bygningsmiljø og estetisk rettleiar» for Volda sentrum ut til høyring og offentleg ettersyn.

Handsaming:

Sakshandsamar Regine Aklestad var til stades under handsaminga av saka.

Ordføraren kom med slik endring av tilrådinga frå forvaltningsutvalet:

Forvaltningsutvalet vert endra til formannskapet.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå forvaltningsutvalet, med endringar frå ordføraren, vart samrøystes vedteken.



VOLDA KOMMUNE

Vedtak i formannskapet - 12.12.2017:

Formannskapet vedtek å sende dokumentet «Bygningsmiljø og estetisk rettleiar» for Volda sentrum ut til høyring og offentleg ettersyn.

OS 181/17 Barnetrakk med skulelevar i Volda

Handsaming:

Brev fra Vikebygda gjendautval: *Innspel til formannskapet, orienteringssak Bornetrakk 2017*, datert 11.12.17, vart ettersendt på møtedagen.

Sakshandsamar Regine Aklestad orienterte om saka.

PS 221/17 Busetjing av flyktningar og einslege mindreårige i 2018

Administrasjonen si tilråding:

1. *Volda kommunestyre er positiv til å busetje 14 flyktningar i 2018, derav to einslege mindreårige. Familiesameiningar kjem i tillegg. I tråd med k-vedtak 95/16 pkt. 1, kan utnytta plassar i 2016 og 2017 overførast til seinare år.*
2. *Volda kommunestyre vil oppmøde staten om så langt som råd å gi føreseielege rammevilkår i flyktningpolitikken overfor kommunane.*
3. *Volda kommunestyre er innstilt på å opprettheld det fleksible rammevedtaket frå k-sak 127/13 om busetjing av 125 flyktningar inkl. einslege mindreårige, som utløyser integreringstilskot. Dvs. ei busetjing på inntil 25 flyktningar kvart år. Ev. familiesameiningar kjem i tillegg. Kommunestyret tek konkret stilling til dette i samband med statleg oppmøding om busetjing. Dette må også sjåast i samanheng med økonomi, samla tilbod og oppnådde resultat av integreringsarbeidet.*
4. *Kommunestyret viser til reduserte inntekter i samband med busetjing av færre flyktningar, og at drifta med integreringsarbeidet må tilpassast innanfor den totale tilskotsramma.*
5. *Som vertskommune for asylmottak for einslege mindreårige asylsökjarar ber kommunestyret om at det vert prioritert å busetje einslege mindreårige flyktningar frå Volda EMA-mottak, til Volda kommune. Dette vil lette integreringa for den einskilde som allereie har etablerte tenester frå kommunen. Dei slepp oppbrot og flytting til anna kommune når dei alt har starta integreringsprosessen på fleire område i Voldasamfunnet. Vidare vil dette avlaste fleire tenester i kommunen og vere god ressursbruk for samfunnet samla sett.*



VOLDA KOMMUNE

Handsaming:

Spesialrådgjevar innvandring og integrering Nina Kvalen orienterte.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 12.12.2017 til kommunestyret:

1. *Volda kommunestyre er positiv til å busetje 14 flyktningar i 2018, derav to einslege mindreårige. Familiesameiningar kjem i tillegg. I tråd med k-vedtak 95/16 pkt. 1, kan utnytta plassar i 2016 og 2017 overførast til seinare år.*
2. *Volda kommunestyre vil oppmode staten om så langt som råd å gi føreseielege rammevilkår i flyktingpolitikken overfor kommunane.*
3. *Volda kommunestyre er innstilt på å opprettheld det fleksible rammevedtaket frå k-sak 127/13 om busetjing av 125 flyktningar inkl. einslege mindreårige, som utløyser integreringstilskot. Dvs. ei busetjing på inntil 25 flyktningar kvart år. Ev. familiesameiningar kjem i tillegg. Kommunestyret tek konkret stilling til dette i samband med statleg oppmoding om busetjing. Dette må også sjåast i samanheng med økonomi, samla tilbod og oppnådde resultat av integreringsarbeidet.*
4. *Kommunestyret viser til reduserte inntekter i samband med busetjing av færre flyktningar, og at drifta med integreringsarbeidet må tilpassast innanfor den totale tilskotsramma.*
5. *Som vertskommune for asylmottak for einslege mindreårige asylsøkjarar ber kommunestyret om at det vert prioritert å busetje einslege mindreårige flyktningar frå Volda EMA-mottak, til Volda kommune. Dette vil lette integreringa for den enskilde som allereie har etablerte tenester frå kommunen. Dei slepp oppbrot og flytting til anna kommune når dei alt har starta integreringsprosessen på fleire område i Voldasamfunnet. Vidare vil dette avlaste fleire tenester i kommunen og vere god ressursbruk for samfunnet samla sett.*



PS 222/17 Volda ungdomsskule - Moglegheitsstudie og grunnleggande føringer for renovering/ombygging

Administrasjonen si tilråding:

1. *Kommunestyret tek til vitande teknisk tilstandsanalyse av Volda ungdomsskule, datert 31.08.2017 frå XPRO AS, med konklusjon om at bygningsmassen har eit betydeleg behov for renovering/ombygging for å tilfredsstille dagens tekniske- og funksjonskrav, men at den også har ein vesentleg restverdi som kommunen må søkje å nytte vidare. Kommunestyret gjer vedtak om å gjennomføre eit moglegheitsstudie for å finne nivå og omfang av ombygging og renovering på skulen. Moglegheitsstudiet skal blant anna kartlegge:*
 - Rom- og funksjonskrav
 - Tekniske krav til bygningsmassen
 - Myndigheitskrav
 - Hovudberesystem
 - Økonomisk ramme for gjennomføringa
 - Moglegheita for å «ta vare på» tilførte verdiar gjennom nylege oppgraderingar
2. *Kommunestyret gjer vedtak om at ein i moglegheitsstudiet legg seg på eit ambisjonsnivå på 60 – 80 mill eks mva ved ei dimensjonering for ungdomsskuleelevarne i sentrum, og 80 – 100 mill eks mva for ei løysing som viser dimensjonering for ev å samle alle ungdomsskuleelevarne i dagens Volda kommune ved Volda ungdomsskule.*
3. *Kommunestyret ber vidare om at følgjande prinsipp vert lagt vekt på i moglegheitsstudie:*
 - Ein tek utgangspunkt i dei behova som skulen si brukargruppe peikar på som dei mest prekære, og ser vidare på kva meir ein kan klare å inkludere i prosjektet med det ambisjonsnivået som er satt
 - Ein tek utgangspunkt i at hovudbygget skal behaldast, og ein ser på moglegheita for å utvide for å inkludere meir areal til skulen
 - Ein tek utgangspunkt i at skulen skal dimensjonerast for minimum 300 elevar, 65 tilsette og 12 klasserom. Moglegheitsstudiet skal også vise korleis ein kan løye arealbehovet dersom skulen skal dimensjonerast for å inkludere alle ungdomsskuleelevarne i kommunen (15 klasserom, 400 elevar og 75 tilsette).
 - Det leggast ikkje føringer om at uttrykket til bygget skal bevarast, men det skal gjerast ei eiga vurdering av konsekvensane med tanke på økonomi og bygget sin funksjon dersom ein skulle ynskje å bevare det.

Handsaming:

Sakshandsamar Siri Solheim svara på spørsmål frå formannskapet.



VOLDA KOMMUNE

Odd A. Folkestad kom med alternativt framlegg til nytt punkt 2:

Kommunestyret gjer vedtak om at ein i mogelegheitsstudiet legg seg på eit ambisjonsnivå på 60-80 mill eks mva med ei dimensjonering for ungdomsskule i sentrum inkl. Mork.

Ordføraren kom med alternativt framlegg til nytt punkt 2:

Kommunestyret gjer vedtak om at ein i mogelegheitsstudien legg seg på eit ambisjonsnivå på 60 - 80 mill eks mva ved ei dimensjonering for 300 ungdomsskuleelevar i sentrum, og 80 til 100 mill eks mva for ei løysing med 400 ungdomsskuleelevar.

Odd A. Folkestad kom med framlegg om punktvis røysting på kulepunkta i punkt 3.

Anders Egil Straume kom med slikt framlegg til nytt kulepunkt under punkt 3:

Volda campus arena skal brukast som gymsal for den nye skulen. Om det ikkje blir realisert skal det byggast ny hall/gymsal ved den nye skulen.

Røysting (ni røysteføre):

Punkt 1

Tilråding frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Punkt 2

Prøverøysting:

Tilrådinga frå administrasjonen fekk 0 røyster.

Framlegget frå Odd A. Folkestad fekk ei røyst (Odd A. Folkestad), åtte røysta imot.

Framlegget frå ordføraren fekk åtte røyster, ein røysta imot (Odd A. Folkestad).

Endeleg røysting punkt 2

Tilrådinga frå administrasjonen fekk 0 røyster og fall.

Det vart røysta alternativt mellom framlegget frå ordføraren og Odd A. Folkestad. Framlegget frå ordføraren fekk åtte røyster og vart vedteke. Framlegget frå Odd A. Folkestad fekk ei røyst og fall.

Punkt 3

1. Kulepunkt 1 vart samrøystes vedteke.
2. Kulepunkt 2 vart samrøystes vedteke.
3. Ordføraren kom med alternativt framlegg til kulepunkt 3:



VOLDA KOMMUNE

Ein tek utgangspunkt i at skulen skal dimensjonerast for minimum 300 elevar, 65 tilsette og 12 klasserom og 400 ungdomsskuleelevar (15 klasserom, 75 tilsette).

Framlegget frå administrasjonen, kulepunkt 3, fekk 0 røyster og fall.

Alternativt framlegg frå ordføraren fekk åtte røyster og vart vedteke. Odd A. Folkestad røysta imot.

4. Kulepunkt 4 fekk åtte røyster og vart vedteke, Gunnar Strøm røysta imot.
5. Framlegget frå Anders Egil Straume, nytt kulepunkt 5, vart samrøystes vedteke.

Tilråding i formannskapet - 12.12.2017 til kommunestyret:

1. *Kommunestyret tek til vitande teknisk tilstandsanalyse av Volda ungdomsskule, datert 31.08.2017 frå XPRO AS, med konklusjon om at bygningsmassen har eit betydeleg behov for renovering/ombygging for å tilfredsstille dagens tekniske- og funksjonskrav, men at den også har ein vesentleg restverdi som kommunen må søkje å nytte vidare. Kommunestyret gjer vedtak om å gjennomføre eit moglegheitsstudie for å finne nivå og omfang av ombygging og renovering på skulen. Moglegheitsstudiet skal blant anna kartlegge:*
 - *Rom- og funksjonskrav*
 - *Tekniske krav til bygningsmassen*
 - *Myndigheitskrav*
 - *Hovudberesystem*
 - *Økonomisk ramme for gjennomføringa*
 - *Moglegheita for å «ta vare på» tilførte verdiar gjennom nylege oppgraderingar*
2. *Kommunestyret gjer vedtak om at ein i moglegheitsstudien legg seg på eit ambisjonsnivå på 60 - 80 mill eks mva ved ei dimensjonering for 300 ungdomsskuleelevar i sentrum, og 80 til 100 mill eks mva for ei løysing med 400 ungdomsskuleelevar*
3. *Kommunestyret ber vidare om at følgjande prinsipp vert lagt vekt på i moglegheitsstudie:*
 - *Ein tek utgangspunkt i dei behova som skulen si brukargruppe peikar på som dei mest prekære, og ser vidare på kva meir ein kan klare å inkludere i prosjektet med det ambisjonsnivået som er satt*
 - *Ein tek utgangspunkt i at hovudbygget skal behaldast, og ein ser på moglegheita for å utvide for å inkludere meir areal til skulen*
 - *Ein tek utgangspunkt i at skulen skal dimensjonerast for minimum 300 elevar, 65 tilsette og 12 klasserom og 400 ungdomsskuleelevar (15 klasserom, 75 tilsette).*



VOLDA KOMMUNE

- *Det leggast ikkje føringar om at uttrykket til bygget skal bevarast, men det skal gjerast ei eiga vurdering av konsekvensane med tanke på økonomi og bygget sin funksjon dersom ein skulle ynskje å bevare det.*
- *Volda campus arena skal brukast som gymsal for den nye skulen. Om det ikkje blir realisert skal det byggast ny hall/gymsal ved den nye skulen.*

PS 223/17 Månadsrapport oktober 2017

Administrasjonen si tilråding:

Månadsrapport for oktober 2017 vert tatt til orientering.

Handsaming:

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 12.12.2017:

Månadsrapport for oktober 2017 vert tatt til orientering.

PS 224/17 Fastsetting av revidert forskrift om renovasjon og slam for Volda og Ørsta kommunar

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret i Volda vedtek kommunale Renovasjonsforskrifter for Volda og Ørsta kommune (forskrifter for handsaming mv av avfall og slamtøming) datert 14.11.2017. Forskrifta vert å gjelde frå 01.01.2018 og erstattar ”Renovasjonsforskrifter for Volda og Ørsta kommunar”, vedteke i Volda kommunestyret den 17.11.2014.

Det vert opp til styret i VØR å tilpasse innføringa av dei nye henteordningane.

Handsaming:

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.



VOLDA KOMMUNE

Tilråding i formannskapet - 12.12.2017 til kommunestyret:

Kommunestyret i Volda vedtek kommunale Renovasjonsforskrifter for Volda og Ørsta kommune (forskrifter for handsaming mv av avfall og slamtøming) datert 14.11.2017. Forskrifta vert å gjelde frå 01.01.2018 og erstattar "Renovasjonsforskrifter for Volda og Ørsta kommunar", vedteke i Volda kommunestyret den 17.11.2014.

Det vert opp til styret i VØR å tilpasse innføringa av dei nye henteordningane.

PS 225/17 Orienteringssaker

OS 182/17 NAV - Pressemelding arbeidsmarknaden november 2017

OS 183/17 Taklekkasje på Mork skule

Margrete Bjerkvik viste til taklekkasje på Mork skule og reiste spørsmål om nødvendig vedlikehold av bygget. Rådmannen vil sjå på saka.

OS 184/17 Samferdselspakke - Voldatunnel

Ordføren orienterte om status for arbeidet kring felles vegpakke med Ørsta kommune og Voldatunnel.

OS 185/17 Status for EPC-prosjektet

Per Svein Krøvel reiste spørsmål om status kring EPC-prosjektet. Rådmannen informerte om at Volda samfunnshus vil vere klart til bruk i slutten av desember.

OS 186/17 Klimaskjerm Ivar Aasenbygget – rettsak

Rådmannen orienterte om at rettsaka med Prosjektbygg er utsett på grunn av forhold hos motparten.

OS 187/17 Skifte av gjeldsforvaltar

Rådmannen orienterte om at Volda kommune har skifta gjeldsforvaltar og teikna kontrakt med Bergen Capital Management.



VOLDA KOMMUNE

Møtet slutt kl. 15.05

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
13.12.2017

Sonja Håvik
førstekonsulent